

## Til Unio-kongressen

Saksnr.: 4/2021

Dato: 22. oktober 2021

### 1 **Rammebudsjett og kontingent for Unio 2022**

2

### 3 **Rammebudsjett**

4

5 Budsjettet er laga med utgangspunkt i revisorbekrefta medlemstal per 1.1.2021, ein medlemsvekst  
6 på 3500 yrkesaktive medlemmer og regulering av kontingenten basert på SSB sitt anslag for  
7 lønnsauke for 2021 på 3,1 prosent og medrekna medlemskontingent for eit nytt forbund.

8

#### 9 **Inntekter:**

10 Kontingentinntekter inkl. medlemsvekst på 3500 yrkesaktive

11 medlemmer og ein regulering på totalt 3,1 prosent kr -44 041 101

12 Finansinntekter kr -27 000

13 Avskrivningar kr 850 000

14

15 **Midlar til disposisjon kr -43 218 101**

16

#### 17 **I tillegg:**

18 Berekna OU-midlar på 4 prosent kr -10 846 000

19

20 Utgiftene er basert på erfaringstal, årsrekneskap for 2020, Unios politiske plattform / strategisk plan  
21 2019–2021, forventningar til tariffoppgjeret og drift.

22

23 Det er lagt opp til eit budsjett i balanse og et er lagt til grunn at vi i 2022 ikkje blir nemneverdig prega  
24 av covid-19 og får normal drift.

25

26

### 27 **Kommentarar til enkelte budsjettpostar**

#### 28 **Avdeling 1 Administrasjon**

29 Ein generell prisjustering på løn, pensjon tilsette, pendlarreiser, fellesutgifter og husleige m.m.

30 Reduserte kostnader neste år skuldast att det var satt av ein del midlar til oppussing av Stortingsgata

31 2 for 2021.

32 **Avdeling 2 Forhandlingsarbeid**

33 Det er hovudoppgjer i 2022, og det er venta fortsett krevjande forhandlingar. Vi har difor valt å auke  
34 budsjettet kostnadsnivå. Det er dessutan venta auke av driftskostnadane og utviklingskostnader av  
35 KBS (konfliktberedskapssystem). Systemet er under evaluering. Endeleg vil vi påpeike at  
36 konfliktberedskap, og ikkje minst streik, i stor grad skjer digitalt, noko som gir oss ekstrakostnader.

37 **Avdeling 3 Informasjon/presse**

38 Det blir lagt til grunn om lag same kostnader som i 2021.

39 **Avdeling 4 Politisk aktivitet**

40 Her er vi tilbake på eit normalnivå, men det er lagt opp til at den internasjonale aktiviteten tar seg  
41 opp og at vi dermed pådrar oss større utgifter enn før. Konferanse om høgare utdanning og forskning,  
42 Arendalsveka og andre arrangement og aktivitet utover hausten vil gå sin gang. Slike arrangement er  
43 dyrare enn før fordi det er venta tilrettelegging for digital deltaking og strømming m.m.

44 **Avdeling 5 Kontingenter andre organisasjonar**

45 Det blir lagt til grunn om lag same kostnader som i 2021.

46

<b>Rammebudsjett – drift</b>	<b>2022</b>	2021
Inntekter	-43 218 101	<b>-41 414 503</b>
Administrasjon	32 947 000	<b>33 414 503</b>
Forhandlingsarbeid	2 963 101	<b>2 000 000</b>
Informasjon/presse	950 000	<b>900 000</b>
Politisk aktivitet	4 198 000	<b>3 000 000</b>
Kontingenter andre organisasjonar	2 160 000	<b>2 100 000</b>

47

48 **I OU-budsjettet** er det lagt inn mellom anna konfliktskolering og materiell, Unios  
49 verneombodskonferanse (VOK 2021), Nav-konferanse og representantskapet og faglege  
50 arrangement av ulikt slag. Veksten i OU-budsjettet skyldast i stor grad ubrukte OU-midlar på grunn av  
51 pandemien.

52

<b>Budsjett OU-midlar</b>	<b>2022</b>	2021
Totalt forventet OU-midlar 4 prosent	<b>-10 846 000</b>	<b>-7 278 000</b>
OU-midlar Stat	<b>-3 310 000</b>	<b>-2 200 000</b>
OU-midlar KS	<b>-6 550 000</b>	<b>-4 350 000</b>
OU-midlar Oslo kommune	<b>-66 000</b>	<b>-58 000</b>
OU-midlar Spekter	<b>-920 000</b>	<b>-670 000</b>

53

54

55 **Kontingent**

56

57 Det er ikkje foreslått endringar av kontingenten til Unio.

58

59

60 **Styret tilrår kongressen å fatte følgjande vedtak:**

61

62 Rammebudsjettet for 2022 blir vedtatt, inklusive 4 prosent av forventta OU-midlar. Styret har fullmakt  
63 til å foreta naudsynte omdisponeringar i budsjettet innanfor ramma av inntektene for 2022.

Unio



Ragnhild Lied

leiar